

Føresegner til
**Båt- og Skipsmuseum i
Gravdal**
Gnr 201 Bnr 1, Halsnøy
Kvinnherad kommune

Utarbeida av
Ing. Øyvind Jørgensen

Stord 02.06.10

§ 1 **REGULERINGSFØREMÅL**

§ 1.1 Det regulerte området er vist på planen med plangrense.

§ 1.2 Arealet innafor plangrensa er regulert til:

Nr.1 Byggje- og anleggsområde

- Område for frittliggande bustader
- Andre typar bygg og anlegg/ Område for museum

Nr. 2 Samfardsel og teknisk infrastruktur

- Veg
- Fortau
- Gang- og sykkelveg
- Gangveg/gangareal
- Kai
- Kai/ båtoppchal
- Båtoppchal
- Parkeringsplasser for buss
- Parkeringsplasser

Nr. 3 Grønstruktur

- Naturområde
- Park
- Grønstruktur område

Nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

- Småbåthamn
- Kaste- og låsettingsplassar
- Naturområde i sjø
- Badeområde

§1.3 Arealet innafor plangrensa har omsynssoner:

1. Omsynssone for naturområde
2. Omsynssone til grønstruktur

§ 1.4 Desse føresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande retningsliner i Kvinnherad kommune.

§ 1.5 Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som strir imot føresegnene til planen.

§ 2 **FELLESFØRESEGNER**

§ 2.1 Ved søknad om løyve for bygg, kaiar/brygger og liknande skal det føreliggje snitt, profil og detaljplan. Høgdesett detaljplan i M=1:200/1:500 skal syna plassering av bygningar, vegtilkomst, parkering, skjering/fylling, støttemurar, kai/brygger, leidningsnett for el, vatn og avlaup m.m.

§ 2.2 Teknisk anlegg (veg, vatn, avløp) skal vera godkjent av Kvinnherad kommune før det vert gjeven byggjeløyve for det aktuelle byggeområdet.

§ 2.3 Dersom det under arbeid vert påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, pliktar tiltakshavar å gje melding til Bergen Sjøfartsmuseum.

§ 2.4 Det kan vera uregistrerte fornminne i området. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærmare gransking på staden

§ 2.5 Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn for opparbeiding av felles parkering/tilkomst, privat småbåthamn, og museum.

§ 2.6 Minimum 5% av dei regulerte småbåtplassane og minimum 5 % av parkeringsplassane skal vera dimensjonert for rørslehemma.

§ 3 **Byggje- og anleggsområde**

§ 3.1 **Område for frittliggjande bustader FB1**

§ 3.1.1 I område for frittliggjande bustad (FB1) kan ein byggje tr3 frittliggjande einebustadar. Bygningane si endelege plassering på tomta blir fastsett ved godkjent søknad om løyve til tiltak. Garasje kan plasserast utanfor byggjegrænse, men må ikkje vera nærare enn 1 meter frå nabogrense.

§ 3.1.2 Det skal vera minimum 2 biloppstillingsplassar på tomta. Garasje skal tilpassast bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge.

§ 3.1.3 Maks BYA: 25 %, maks møne 9 meter over terrenget.

§ 3.1.4 Ubygt areal skal gjevast ei tiltalande utforming og inngjerding og tilplanting skal ikkje vera sjenerande for naboar. Kommunen kan gje pålegg i kvart einskild høve.

§ 3.2 Andre typar bygg og anlegg/ Område for museum

- § 3.2.1 Det er 5 bygningar i planområdet som er regulert til museum. Det er eit utstillingslokal med moderne byggeskikk(M1), det er 2 naust (M2), eit sjøhus (M3) og eit eksisterande hus(M4). Alle bygga har funksjon for museet / aktivitetsenteret.
- § 3.2.2 Museum 1(M1) /utstillingslokal.
Maks mønehøgde på utstillingslokalet for museet er kote +16, ved sida av Hansasteinen kan ein ha maks høgde +7.
Maks BYA 4000 m², maks BRA: 9000 m².
- § 3.2.3 Museum 2 (M2)/ naust.
Museum 2 består av 2 naust.
Maks mønehøgde på nausta er kote + 8. Då topp golv +3.
Maks grunnflate er 40 m².Tak skal ha helling mellom 35- 45 grader.
Det skal vera trekledning, og skifer eller takstein på taket.
Det skal vera slipp framom nausta.
- § 3.2.4 Museum 3(M3)/ sjøhus
Maks mønehøgde på sjøhus er kote +14. Maks grunnflate er 600 m².
- § 3.2.5 Museum 4(M4)/ hus
Maks mønehøgde på hus er + 13, som tilsvarar ca.7 meter over terrenget. Ein kan ha kjellar.
Huset er ikkje verna og det kan tilpassast formålet som er museum. Ein skal tilstrebe å få det så likt det var opphavleg ved renovering av huset.
Ein kan byggje toalettanlegg, uthus, røykehus og hønsehus og/eller løa i område for M4. Ein kan lage utekaf• i hagen.

§ 4 Samferdsel og teknisk infrastruktur

- § 4.1 **Veg 1 (V1):**
Dette er ein adkomstveg som vert dimensjonert for lastebil og fartsgrense 30 km/t. Vegen består av eksisterande veg bustadfelt (Gravdalsvegen) med ny del ned til snuplass ved museet. Vegen skal minimum ha 4 meter asfaltert kjørebane. Vegen skal vera offentleg.
- § 4.2 **Veg 2 (V2)**
Kjørevegen vert dimensjonert for lastebil og fartsgrense 30 km/t som vist i planen. Vegen er for bustadområdet i planområdet. Vegen skal minimum ha 3,5 meter asfaltert kjørebane. Vegen skal vera offentleg.
- § 4.3 **Veg 3 (V3):**
Kjørevegen vert dimensjonert for lastebil og fartsgrense 30 km/t som vist i planen. Vegen med snuplass har tilkomst via veg 1 og kjøretilkomst til museum 3(M3)/sjøhus. Vegen skal minimum ha 3,5

meter asfaltert kjørebane. Vegen skal vera privat for museumet og det skal vera mogleg å sette opp ein bom etter parkeringsplass 2, slik at det berre er de med nøkkel som kan kjøre på denne vegen.

§ 4.4

Gangveg (Gv2)

Dette skal vera ein privat gangveg for museumet frå museum 3 (M3) /Sjøhus rundt museum 1(M1)/utstillingslokalet og fram til kai. Den skal vera tilgjengeleg for ålmenta. Den skal vera min. 3 meter brei og ha universell utforming.

§ 4.5

Gangveg (Gv3)

Dette skal vera ein privat gangveg for museumet i park 5. Den skal vera tilgjengeleg for ålmenta. Gangvegen skal vera min. 3 meter brei og ha universell utforming.

§ 4.6

Gang- og sykkelveg

I staden for fortau i Gravdalsvegen skal det etablerast gang- og sykkelveg som er 2,5 meter breidt. Gang- og sykkelvegen skal vera offentleg.

§ 4.7

Fortau

Eksisterande fortau som er 1, 5 meter er offentleg. Den kan flyttast i samband med endringar av kryssløysing som er vist i planen.

§ 4.8

Parkeringsplass 1 (P1)

Parkeringsplass1 skal opparbeidast med asfalt. Det kan opparbeidast opp til 28 parkeringsplassar i område for parkering(P1).

§ 4.9

Parkeringsplass 2 (P2)

Parkeringsplass til museumet skal opparbeidast med asfalt. Ein kan ha trinnvis utbygging. Dersom ein vel å vente med denne parkeringsplassen, skal det vera opparbeida som tilgrensande park. Det kan opparbeidast opp til 28 parkeringsplassar i område for parkering (P2).

§ 5 **Grønstruktur**

§ 5.6 **Naturområde**

Neset i Gravdal kalla Hansasteinen er i plan regulert til naturområde. Området er også regulert til å vera ei omsynssone for naturmiljøet (H560). Her skal ein ikkje gjera terrengending, og ein skal ikkje hogge ned vegetasjonen på denne staden. Området skal kunne nyttast som fiskestad- og låssettingsstad. Ein kan sette opp sikringstiltak for å hindre skade ved klatring.

§ 5.1 **Park 1**

Park1 er park for bustadområdet i Gravdalsvegen. Område skal være tilgjengeleg for ålmenta. Det kan ikkje setjast i verk tiltak som er til hinder for ålmenn ferdsel eller for bruken av området. Ein skal kunne lage gangstiar.

§ 5.2 **Park 2**

Park2 er park til museomet og skal ha tilplanting av nye tre. Område skal være tilgjengeleg for ålmenta. Det kan ikkje setjast i verk tiltak som er til hinder for ålmenn ferdsel eller for bruken av området. Ein skal kunne lage gangstiar.

§ 5.3 **Park 3**

Park 3 skal opparbeidast som park i samband med bygging av museomet. Område skal være tilgjengeleg for ålmenta. Området kan nyttast til utstilling ute.

§ 5.3 **Park 4**

Park 4 skal opparbeidast som park i samband med bygging av museomet. Område skal være tilgjengeleg for ålmenta. Området kan nyttast til lek og rekreasjon. Området skal ha nokre benkar og avfalldunkar, samt sjørelaterte leikeapperater.

§ 5.5 **Park 5**

Park 5 skal opparbeidast som park i samband med bygging av museomet. Området skal bestå av plen og områder for småbusk. Området skal ha nokre benkar og avfalldunkar. Dette området skal ikkje nyttast som utstilling av båt.

§ 5.6 **Kai/ båtoppchal**

§ 5.6.1 Det kan opparbeidast kai, slipp, båttopplag, slipp i område for kai/ båtoppchal.
Topp kai; Minimum kote +3,0

§ 5.6.2 Synleg kaikant skal byggjast av naturstein og/eller tre.

§ 5.6.3 I samband med søknad om tiltaket " Kai/ båtoppchal" skal det føreliggja sprengingsplan og detaljplan. Detaljplan skal visa kai, slipp og båtoppstillingsplassar på land. Detaljplan skal godkjennast av Kvinnherad kommune før arbeidet vert sett i gong.

§ 5.7 Båttopplag
Området for båttopplag skal nyttast til stad for plassering av båtar knytt til museuret.

§ 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

§ 6.1 Privat småbåthamn

§ 6.1.1 Småbåthamna skal vera for museuret sine båtar samt for båtar som besøker museuret.

§ 6.1.2 Det kan byggast flytebyggjer ut i sjø. Det skal min. vera 10 meter som trafikkareal mellom kvar flytebrygge. Ein kan ha opp til 40 båt plassar i område for privat småbåthamn og plass til min. 3 større båtar.

§ 6.1.3 Ein skal kunna foreta mudring av sjøbotn der det er grunnare enn 1,5 meter i fjæra sjø.

§ 6.1.4 Flytebrygger kan vera av betong, stål eller tre. Yttarste del skal også kunne bli nytta som fiskestad og låssettingstad for mèt.

§ 6.2 Badeplass:

6.2.1 Badeplass i sjø er tilgjengeleg for ålmenta. Ein kan ikkje ha oppankring av båtar på denne staden.

§ 6.3 Kaste- og låssettingsplass:

6.3.1 Dette området i sjø er regulert til kaste- og låssettingsplass, og det er ikkje lov med oppankring av båtar på denne staden.

§6.4 Naturområde i sjø:

Innarste del av Gravdalsvågen er regulert til naturområde i sjø. Området skal ikkje ha noko form for terrengendring.

§ 7 **Omsynssoner**

§ 7.1 **Omsynssone for frisiktssone ved veg**

I området mellom frisiktsslina og vegformål (frisiktssoner) skal det ved kryss og avkjørsler vere fri sikt over ei høgd tilsvarende 0,5m over tilstøytande vegars plan. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5m over veg. Areala skal brukast til dei føremål som er vist, og føresegner for disse føremål gjelder.

§7.2 **Omsynssone for grønstruktur (H540)**

I omsynssone for grønstruktur skal ein ikkje hogge ned dei største trea utan å søkje om løyve.

§7.3 **Omsynssone for naturmiljøet (H560)**

På Hansasteinen skal ein ikkje gjera noko form for inngrep i naturen.

§ 8 **Rekkefølgjekrav for museumet**

Veg, frisiktssoner, parkering, parkområder til museumet, gjerder, internvegar og gangvegar skal vera ferdig opparbeidd før museumet kan takast i bruk.

Stord, 02.06.10
Ing. Øyvind Jørgensen as